

# Kling no klokka! Ring og lokka.

Norsk folketone,  
etter ein tysk tone frå kring 1700.

1. Kling no, klokka! Ring og lok-ka, ring og lok-ka frå tu - sund

tårn! To-na um frel-sa! Kal-la og hel - sa, kal - la og

hel - sa med fred Guds born! Kling no, klok - ka! Ring og

lok - ka, ring og lok - ka frå tu - sund tårn!

2. Englar kveda: Høyr den gleda,  
høyr den gleda som her er hend!  
Ljoset er runne, livet er vunne,  
livet er vunne: ein Frelsar send.  
Englar kveda: Høyr den gleda,  
høyr den gleda som her er hend!

3. Sjå, det dagast, snart det lagast,  
snart det lagast til høgtid ny!  
Då skal oss klokka leikande lokka,  
leikande lokka til helg i sky.  
Sjå, det dagast, snart det lagast,  
snart det lagast til høgtid ny!